

Bybanen AS  
v/ styreleiar

Dato:  
Vår ref.: -  
Saksbehandlar:  
Dykkar ref.:

## Valnemnder i selskap Hordaland fylkeskommune eig

Hordaland fylkeskommune vedtok i fylkestingsmøte i 12. desember 2017, FT-sak nr 119/17, ny eigarstrategi for selskap fylkeskommunen eig. I vedtaket går det fram at alle selskap skal som hovudregel ha ei valnemnd som førebur valsaker til generalforsamlinga i selskapet. Fylkestinget vedtok i same møte retningslinjer for valnemnder i selskap fylkeskommunen eig. Desse er vedlagt.

Valnemnd er eit formelt organ valt av generalforsamlinga i selskapet og skal sørge for at selskapets styre er samansett med rett kompetanse i høve selskapets formål. Dersom generalforsamlinga vedtar at det ikkje skal vere valnemnd i selskapet, må vedtaket vere grunngjeve.

For nokre av selskapa Hordaland fylkeskommune eig er styresamansetninga vedtektsfesta på ein slik måte at valnemnd ikkje er naudsynt. Det gjeld selskap kor alle styremedlem vert valt av eigarane eller andre slik vedtektene seier, og kor styremedlemene tiltrer styret. For aksjeselskap er det generalforsamlinga som formelt vel styremedlem.

I Hordaland fylkeskommune er det fylkestinget som vel styremedlem til selskap og organ. Fylkestinget har ei førebuande valnemnd, denne må ikkje forvekslast med valnemnder i selskapa. Valnemnda for fylkestinget vil ha kommunikasjon med valnemnder i selskapa i dei tilfella det er trong til det. Det er òg fylkestinget/fylkesutvalet som vedtek kven som skal representere fylkeskommunen i valnemnder.

Valnemndene i selskapa skal sørge for å ha oversikt over selskapet sine behov for kompetanse og aktuelle problemstillingar knytt til selskapets leing. Styret i selskapet bør årleg evaluere sitt arbeid og vurdere kompetansen i styret og eventuelt behov for kompetanse.

Spørsmål og innspel knytt til ordninga og retningslinjene for valnemnder i selskapa kan rettast til Beate Bergsholm på epost [beate.bergsholm@hfk.no](mailto:beate.bergsholm@hfk.no) eller mobil 45519349.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør for regional utvikling

Mette Nora Sætre  
Næringsssjef

Vedlegg: Retningslinjer for valnemndsarbeid i Hordaland fylkeskommunes selskap

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*